

Dato: 28.06.2023

Referanse: 23/115855-1

Varsel om oppstart for endring av reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna–Stanghelle.

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) §12–8 kunngjer Statens vegvesen og Bane NOR oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna–Stanghelle (FAS).

Føremål med planarbeidet

Statleg reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna–Stanghelle (FAS) blei vedtatt av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) 01.04.2022. I det vidare arbeidet med optimalisering og reduksjon av risiko og kostnadar ser FAS behov for å regulere om nokon område.

Omregulering vil gjelde Bergen (BK), Vaksdal (VK) og Samnanger (SK) kommune. I Vaksdal kommune gjeld reguleringsendringane sju områder.

Rødberg: Leggje til rette for mellombels kryss for å løyse problem med tryggleiken ved langvarig anleggsarbeid og massetransport i Trengereidsvingane. Dette gjev ein sikker og stabil tilkomst til Trengereid over ein lengre periode der dette elles vil bli svært krevjande både for innbyggjarane og FAS. Mellombels stenging av Trengereidsvingane for ordinær trafikk gjev samstundes klart enklare og betre løysningar for trafikkavvikling på E16/fv. 49 i anleggsperioden. Ved Rødberg er det også planlagt å regulera eit mellombels areal til mellomlagring av gravemassar frå Trengereid.

Langhelleneset og Gamle Fossen / Fossmark: Ny sjaktløysing for nedføring av stein til sjødeponi. Det er planlagt at skråstilte fjellsjakter skal erstatta løysing med nedføring av massar til sjødeponi frå mellombelse, flytande kaianlegg. Dette er forventa å gje betydeleg reduksjon i kostnadar og risiko, samt mindre anleggsstøy og inngrep i terreng. Ein stor del av endringane vil gjelda trasear i fjell for tilkomst- og transporttunnelar, og ei ny plassering av mellombels kryss.

Vaksdal: I samband med grunnerverv på Vaksdal er det avdekka behov for nokon mindre justeringar av reguleringsplanen. Det gjeld både utviding av mellombelse areal/behov i anleggsfasen og eventuelt også frigjeving av mindre areal slik at noko erverv av areal kan

Fellesprosjektet Arna – Stanghelle

verte unngått. Det er også behov for nokon endringar for mellombelse anleggsvegar og tilkomst til riggområde.

Brekken (Stanghelle): Det er behov for å regulera ein mellombels tilkomst for utføring av skredsikringstiltak ved tunnel.

Dalehagen: Det kan bli behov for noko meir areal til skredsikringstiltak og mellombels byggje- og anleggsområde sør for vedtatt reguleringsplan.

Furnestreet: Det vert planlagt ei ny plassering for permanent kontroll- og vekt plass ved Furnestreet aust for Dalseidtunnelen, for å erstatta dagens lokalitet ved Romslo. Regulert alternativ i nærleiken vil ikkje vera ei god løysning på lang sikt når ny E16 er opna. Eksisterande T-kryss og lågt konfliktpotensial gjer denne lokaliteten godt eigna. Her får FAS også brukt overskotsmassar på ein samfunnsnyttig måte. Det kan i tillegg bli behov for skredsikringstiltak i området.

Varslingsområdet

Det vert gjort merksam på at områda som det vert varsla oppstart for gjerne er større enn området som vert den endelege planavgrensinga når planframlegget er utarbeidd.

Rødberg: Varslingsområdet er ca. 60 daa og ligg på Rødberg, nord for Trengereid. I dag består området i hovudsak av samferdselsanlegg og grønstruktur. Innanfor varslingsområdet er det utbygd areal i form av bustadar. Området er delvis regulert og inngår i ein eldre reguleringsplan for Ny stamveg forbi Rødberg (planID: 1992991), vedtatt 30.03.1992. I kommuneplanen sin arealdel (KPA2019) ligg heile området innanfor areal sett av til Landbruks-, natur og friluftsområde (LNF).

Langhelleneset: Varslingsområdet ved Langhelleneset er på ca. 850 daa og ligg på Langhelle ved Vaksdalsvegen. I dag består området i hovudsak av samferdselsanlegg og grønstruktur. Innanfor området er det utbygd areal i form av bustadar og gardsbruk. Området er hovudsakeleg regulert og inngår i vedtatt reguleringsplan for Fellesprosjekt Arna–Stanghelle (planID: NO201703), vedtatt 01.04.2022. To eldre reguleringsplanar for hyttefelt (planID: 1982003 frå 1982, og planID:1976001 frå 1976) ligg innanfor varslingsområdet. I Kommuneplanen sin arealdel (KPA2019) er området i hovudsak sett av til Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR), mens ein mindre del av området er sett av til Fritidsbustader.

Gamle Fossen / Fossmark: Varslingsområdet er ca. 1650 daa og strekkjer seg frå Skreien i sør, til Tongneset i nord. I dag består området i hovudsak av samferdselsanlegg og grønstruktur. Innanfor området er det utbygd areal i form av bustader og hytter. Området er delvis regulert og inngår i vedtatt reguleringsplan for Fellesprosjekt Arna–Stanghelle (planID: NO201703), vedtatt 01.04.2022. Ein eldre reguleringsplan for Planovergang Skreien (planID: 2002001) ligg innanfor varslingsområdet. I Kommuneplanen sin arealdel (KPA2019) er

Fellesprosjektet Arna – Stanghelle

området hovudsakeleg sett av til Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR), og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Vaksdal: På Vaksdal vert det varsla oppstart for seks mindre område, der dei fleste ligg innanfor vedtatt reguleringsplan for Fellesprosjekt Arna–Stanghelle (planID:NO201703), vedtatt 01.04.2022. Områda er stort sett regulert til vegformål eller mellombels bygge- og anleggsområde. Ved Sædalsvegen, mot Tolåsen ligg eit område på ca. 5 daa. som i dag er utbygd, og ligg som Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift i Kommuneplanen sin arealdel (KPA2019).

Brekken: Varslingsområdet er ca. 9 daa og ligg på Brekken ved Vaksdalsvegen, nord for Stanghelle. I dag består området i hovudsak av utbygd areal i form av bustader. Området er regulert til bustader i ein eldre reguleringsplan for FO3 og B15 Stanghelle Aust (planID: 1988004), vedtatt 04.11.1998. Deler av området inngår i vedtatt reguleringsplan for Fellesprosjekt Arna–Stanghelle (planID:NO201703), vedtatt 01.04.2022.

Dalehagen: Varslingsområdet er ca. 6 daa og ligg ved Vaksdalsvegen, nord for Dalevågtunnelen. I dag er området ubyggt og består av skrin mark. Området er i hovudsak uregulert, men inngår delvis i ein eldre reguleringsplan for Helletunnelen – Dalevågtunnelen (planID: 2004002), vedtatt 14.06.2004. I Kommuneplanen sin arealdel (KPA2019) er området sett av til Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR).

Furnestreet: Varslingsområdet er ca. 320 daa og ligg ved Vaksdalsvegen, like nord for Dalseidtunnelen. I dag består området hovudsakeleg av grønstruktur og samferdselsanlegg. Det ligg ein rasteplass og naust nord for Vaksdalsvegen og landbruksområde i sør. I Kommuneplanen sin arealdel (KPA2019) er området sett av til Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (LNFR).

Meir informasjon om planendringane er tilgjengeleg på prosjektet sine heimesider www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e16banearnastanghelle/

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

I den vedtatte reguleringsplanen Fellesprosjektet Arna–Stanghelle, vart tiltaka konsekvensutgreidd. Planarbeidet med endring av reguleringsplanen, er vurdert om det utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §4–2, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Jf. §8 a. i Forskrift om konsekvensutgreiing skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10 i forskrifta.

Tiltaka i planarbeidet er vurdert å komme innunder pkt. 10 e) i. Bygging av veier, men at tiltaka i planen ikkje vil føre til vesentlege verknader for miljø og samfunn etter §10, og at planarbeidet dermed ikkje fell innunder krav om konsekvensutgreiing. Verknadane av tiltaka vert skildra i planomtalen.

Fellesprosjektet Arna – Stanghelle

Planprosess og medverknad

Kommunal- og distriktsdepartementet har avklart at sjølv om reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna–Stanghelle er ein statleg reguleringsplan, kan kommunane vera planmynde i lite konfliktfylte omregulerings saker. Det er vurdert at Vaksdal kommune kan være planmynde for endring av detaljreguleringsplan for Fellesprosjektet Arna–Stanghelle.

Fellesprosjektet Arna–Stanghelle har i samråd med Vaksdal kommune valt å bruke §3.7 (tredje avsnitt) i plan og bygningslova (pbl.) som opnar for at Statens vegvesen / Bane Nor sjølv kan varsle oppstart og leggje ut planar til offentleg ettersyn. Den politiske slutthandsaminga av planendringane vil vera lik som ved ein ordinær planprosess. Krav i pbl. til medverknad, høyring osv. gjelder fullt ut.

Merknadar til varsel om oppstart

Som offentleg mynde, grunneigar eller nabo vert de varsla særskild med dette brevet i tråd med varslingskrava i plan- og bygningslova. Planarbeidet vil kunne råka grunneigarar sine interesser i varslingsområdet, eventuelt som nabo til varslingsområdet. Vi ber grunneigarar underrette eventuelle interessentar som til dømes rettshavarar/leigetakarar om at det går føre seg arbeid med omregulering. Varslingsdokumenta kan lesast på Vaksdal kommune si nettside [Vaksdal kommune – Planane våre](#)

Eventuelle merknadar eller innspel til varsel om oppstart kan sendast skriftleg til Fellesprosjektet Arna–Stanghelle (FAS) **innan 21. august 2023**. Ver venleg å merke førespurnaden med referanse FAS 23/115855.

Postadresse: Statens vegvesen v/ Olav Lofthus, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

Eller til e-post: firmapost@vegvesen.no

Spørsmål kan rettast til olav.lofthus@vegvesen.no

Innspel og merknadar får ikkje eigne svarbrev, men blir kommentert og vurdert av forslagsstillar, og er ein del av det samla planmaterialet som vil fylgje plansaka.